


Det gamle foto

GLIMT FRÅ 17. MAI FEIRING FØR I TIDA



Desse to bileta er frå 17. mai-feiringa i Sunnlyvsbygda årgang 1925. Og staden er ved losjehuset »Bergkraft» (no Solheim). Som mange veit vart losje »Bergkraft» skipa i 1905 og siste møtet vart halde i 1925. Fru Beate Hole fortel at det var vanleg at Langedalen, Hellesylt og Sunnlyvsbygda feira dagen kvar for seg og at »Losjehuset

under Berga var tilhaldsstaden for krinsane Hauge, Frøysa og Bjørdal. Denne 17. mai som biletet er henta frå, var ein søndag med preike i Sunnlyvskyrkja og toget her har nett avslutta ein marsj frå kyrkja til Frøysa – om lag 8 km. Faneberarar er Otto Hauge til høgre, som ber fana til Sunnlyvs-

bygda kristelege ungdomsforeining. Den andre fana som Olav Hauge held, er D.N.T si fane. Heilt i høgre biletkant ser vi Ivar N Hole med fela og mellom faneberarane fremst står cand. teol. Martin Ringdal og Peder Helset. Kvinnene bakover: Marie E Frøysa Korsbrekke, Marie O. Frøysa Roald, Beate Hole, Nanna Parr Brune, Beate P Storstein, Borghild Storstein med fleire.

Dette er berre ein liten del av møtelyden som møttest i dei to ungdomshusa som låg like ved einannan. »Bergly» er som kjent Sunnlyvsbygda kristelege ungdomsforeining sitt hus. Det andre biletet – som er utlånt av fru Beate Hole – syner langbord som var dekkja inn til veggen ved Losjehuset, og her fekk dei servert kaffi og mat etter ein lang fotgåande kyrkjetur.

Av festtalarar som vart mykje nytta på desse 17. mai samkomene i Sunnlyvsbygda, kan nemnast Kristoffer Frøysadal, Peder Kr. Frøysa, og dette året biletet er henta frå, var cand. teol. Martin Ringdal (seinare prest i Oslo) festtalar.

Eit blandakor leia av P.Kr. Frøysa var bolkevis i godt gjenge, likeeins eit musikklag. Og det var idrett for både barn og vaksne, mellom anna sekkeløp og å springe med egg på ei skei. Om kvelden var det så samkome i »Bergly». Men då som no kunne interessene vere forskjellige, og det hende vel at ungdommar stakk av til Hellesylt for å få seg ein svingom på »Brauta» og seinare på Ungdomshuset.

Fram til middagstid var elles 17. mai meir kvardag med kvardagslege syslar den tid. Bøndene måtte spreie gjødsel med greip, og om det rengde, var det ypperleg for slike gjødsel. Poteter og



korn måtte i jorda så snart dei gamle sikre merka synte at tida var inne.

Sur, kald nordvind kunne elles setje ein stoppar for feiringa. 17. mai 1915 var det såleis kome så mykje nysnø at dei køyrde med hest og slede etter bygdevegen til Hellesylt.

Som nemnt var det helst til at dei einskilde krinsane feira for seg sjølve. Men 17. mai 1914 var det 100 års jubileum, og då var Hellesylt samlingsstaden for bygd og dal.

Det vert fortalt at kommandersersjant Rasmus K Rørhuus i brodden for folketoget frå Bygda og fanejunker Knut H Tronstad, fremst i flokken frå Dalen, møttest på Jogardsbøen. Etter flagghelsing gjekk dei så i samla flokk til Hellesylt for vidare feiring av den store høgtida.

Kven som var festtalar ved dette høve kan kanskje nokon av lesarane hugse, og om dei elles kan kjenne att fleire på biletet, kunne det vere interessant å høyre om dette.

K.F.

Verkeleg ein hyggekveld

– Dette var jammen kjekt!, var omkvedet mellom dei unge som var til stades på hyggekvelden som Lions Club skipa til som ein lekk i aksjonen sin mot narkotika og andre rusgifter. På festen vart det synt film om verknadane ved misbruk av alkohol. Som eit alternativ fekk ein så

servert svært velsmakande prøver på alkoholfrie drinkar, og desse fall og tydeleg i smak. Mat og kaffi var å få kjøpt, og så kunne både unge og vaksne svinge seg i dansen til discemusikk. Fram mot 100 fekk seg ein hyggeleg laurdagskveld. Og tiltaket bør så absolutt takast opp att.



Dei alkoholfrie drinkane var både gode og populære.